

The background of the cover features a scenic view of a wind farm in a rugged, coastal landscape. A white wind turbine tower stands prominently on the left, with its blades visible against a bright blue sky with scattered clouds. In the foreground, the white nacelle and tower of another wind turbine are visible, with two workers in safety gear standing near its base. The terrain is rocky and uneven, with patches of green vegetation. In the distance, a winding road follows the coastline, and a suspension bridge spans a narrow strait between small islands. The overall atmosphere is one of industrial activity in a natural, scenic setting.

HALVÅRSRAPPORT 2022

SOGN OG FJORDANE ENERGI AS

Halvårsrapport 2022

På trass av stor kraftprisnedgang i NO3 samanlikna med 1. halvår i fjor oppnådde Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) eit resultat etter skatt i første halvår i 2022 på 64 mill. kr. Resultatet er 74 mill. kr lågare enn for 1. halvår i fjor. Kraftprisen i NO3 var 22,4 øre/kWh i første halvår. Dette er ein kraftig reduksjon frå 35,9 øre/kWh i første halvår i fjor. Kraftprisnedgangen kombinert med auka kostnader frå nye kraftverk som er sett i drift er hovudgrunnane til resultatnedgangen.

Konsernet

SFE-konsernet sine hovudforretningsområder er kraftproduksjon og nett. Konsernet SFE består av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS og dei heileigde datterselskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Linja AS, Lutelandet Energipark AS og Bremangerlandet Vindpark AS. Datterselskapa Svelgen Kraft Holding AS og Svelgen Kraft AS, som er eigd 56% av SFE Produksjon AS, inngår også som ein del av SFE-konsernet. Wattn AS, Eninvest AS, Fossheim Energiverk AS, Innvik Kraftverk AS, Gloppen Energi AS, Hyfuel AS og Falck Renewables Vind AS er tilknytta selskap til konsernet. Elbåtlader DA og Skipskraft AS er felles verksemder der SFE eig 50% og som vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden.

Eigarsamansettinga i Sogn og Fjordane Energi AS er slik:

Sogn og Fjordane Holding AS:	49,5 %
Eviny AS:	36,8 %
6 kommunar i Nordfjord og Sunnfjord:	13,7 %

Rekneskapen for SFE er avgjort etter IFRS-reglane.

1. halvår 2022

Rekneskapen for 1. halvår 2022 viser eit overskot for SFE-konsernet på 64 (137) mill. kr etter skatt (tal for 1. halvår 2021 i parentes).

Gjennomsnittleg kraftpris 1. halvår i NO3, var 22,4 øre/kWh. Til samanlikning var gjennomsnittleg pris 1. halvår i fjor 35,9 øre/kWh. Kraftproduksjonen 1. halvår var 948 GWh (940 GWh). Nettoinntekta frå sal av kraft er redusert med 32 mill. kr samanlikna med fjoråret. Redusert områdepris samanlikna med 1. halvår 2021 er hovudgrunnen til dette.

Transportert mengde i nettet var 826 GWh, tilsvarende mengde 1. halvår i fjor var 828 GWh. Av transportert mengde vart 457 GWh levert i lokalt distribusjonsnett og til nettap, dette er ein auke på 2 GWh frå 455 GWh i fjor. Høgare temperatur i 1. halvår 2022 samanlikna med i fjor er hovudgrunnen til at forbruksauken ikkje er større. Levert mengde i regionalt distribusjonsnett var på 369 GWh.

Lutelandet vindkraftverk i Fjaler med installert effekt på 51 MW og berekna årleg produksjon på 150 GWh vart idriftsett i 4. kvartal 2021. Jølstra vasskraftverk vart også idriftsett i 4. kvartal 2021. Dette kraftverket er eigd av Jølstra Kraft DA. SFE eig 50% av Jølstra Kraft DA, medan Eviny eig dei resterande 50%. Jølstra kraftverk har ein samla berekna netto produksjonskapasitet på 207 GWh. Produksjonen frå desse to kraftverka på henholdsvis 60 GWh for Lutelandet og 63 GWh for Jølstra (SFE sin 50% andel) for 1. halvår 2022 var såleis ikkje med i produksjonen for 1. halvår 2021. SFE har magasinfylling på 710 GWh 30.06.22. Dette er 247 GWh meir enn ved halvårsskiftet i fjor og forklarer kvifor produksjonsauken ikkje er større frå i fjor på trass av to nye kraftverk som er idriftsett.

Halvåret er prega av svært store skilnader mellom kraftprisane i prisområdet NO3 (Vestland fylke nord for Sognefjorden, Møre og Romsdal og Trøndelag) og øvrige prisområder i Sør Norge. Gjennomsnittsprisen i NO3 på 22,4 øre/kWh er berre 14% av gjennomsnittsprisen i NO5 (Vestland fylke sør for Sognefjorden og litt av Rogaland) på 155,7 øre/kWh. NO1 (mesteparten av Austlandet) hadde ein gjennomsnittspris på 156,2 øre/kWh medan NO2 (Sørlandet, Rogaland og deler av Vestland og Austlandet) hadde ein gjennomsnittspris på 162,3 øre/kWh. Av SFE sin produksjon i 1. halvår var 903 GWh i NO3 og 45 GWh i NO5. Grunnen til dei svært store skilnadane mellom NO3 og resten av Sør Norge er manglande overføringskapasitet mellom prisområda. I 2016 bygde Statnett ei heilt ny kraftline mellom Sunnmøre og Sogn for 5,5 milliardar kroner. Denne har ein termisk kapasitet på 2000 MW. Dessverre har denne lina berre vore i stand til å utnytte ein mindre andel av kapasiteten for å føre straum sørover til NO5. Dersom ein hadde klart å utnytte denne kapasiteten betre kunne dette bidrage til lågare prisar i Sør Norge og produsentane i NO3 ville oppnådd ein noko høgare pris. Det er svært viktig at Statnett finn måtar å utnytte kapasiteten betre på slik at prisskilnadane kan reduserast.

SFE sitt datterselskap Linja AS er i fusjonsdrøftingar med naboselskapet i nord, Mørenett AS. Det er venta avgjerd i denne prosessen i løpet av 2. halvår 2022.

HMS

SFE har eit sjukefråvær på 4,6% siste 12 månadar pr. 01.07.2022, fordelt på 2,4% kortidsfråvær og 2,2% langtidsfråvær. Dette er ein vesentleg auke i høve til 1. halvår i fjor då sjukefråværet var 2,8%. Deler av fråværet kan nok relaterast til Covid-19 situasjonen. I tillegg medfører gjenopninga av samfunnet, og reduserte smittevernstiltak, at t.d influensaen er tilbake. Fråværet varierer sterkt mellom selskapa i konsernet utan at ein kan finne noko samanheng. Sjukefråværet vert følgt tett opp.

HMS-visjonen til SFE er «Like heil – både inni og utanpå». Hovudfokuset vårt er HMS-kulturen i verksemda, der leiing og åtferd er sentralt for å oppnå langsiktige resultat. Kvar tilsett må bidra for å sikre ein trygg kvardag ved si åtferd og handling. Leiarane må vise veg ved å vere tydelege på kor vi skal og gjere det vi seier, samt vere den gode rollemodellen som set HMS på agendaen. Alle leiarar har gitt eit HMS-løfte til sine medarbeidarar i form av «Eg går ikkje forbi».

SFE føl målsettinga til bransjen, med 15% årleg reduksjon i skadetal. Skadetalet er lågt og fråværsdagar knytt til skader vil variere, ut frå type skade som har skjedd. Vi har ingen alvorlege skader i halvåret. HMS er eit langsiktig og kontinuerleg arbeid som skjer i organisasjonen og gjennom HMS-prosjektet «Like Heil». For H2 (tal skader med og utan fråvær siste 12 mnd pr 1 mill arbeidde timer) er måltalet 4,8. I første halvår 2022 har vi to skader utan fråvær, og ein skade med fråvær, dette gir ein H2 verdi på 14,9.

Resultatrekneskap og kontantstraum

SFE hadde i 1. halvår driftsinntekter på 1.269 (743) mill. kr. Driftsresultatet vart 161 (239) mill. kr. Auka kraftkjøpskostnad er grunnen til at driftsresultatet ikkje har auka på trass av stor auke i driftsinntektene. Resultatet før skatt er 133 (246) mill. kr. I 2021 hadde SFE netto finansinntekt på 7 mill. kr i 1. halvår pga urealiserte verdiendring på aksjepostar på 18 mill. kr og reversering av rentekostnader knytt til forplikting til Eviny på salsopsjon Østerbø kraftverk på 16 mill. kr. I 1. halvår i år er netto finanskostnadar 28 mill. kr. Det er ingen særskilde postar i år og dette er eit ordinært finansresultat med SFE si lånegjeld og dagens rentenivå. Resultatet etter skatt er på 64 (137) mill. kr. Det er i 1. halvår belasta 32 (50) mill. kr i overskotsskatt og 38 (58) mill. kr i grunnrenteskatt.

Nettverksemda har eit driftsresultat 1. halvår på 61 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 16 mill. kr frå 2021 då vi hadde eit driftsresultat på 77 mill. kr på området. Auken i driftskostnader mellom anna pga kjøpte nettanlegg frå Statnett, auka nettapskostnader og auka avskrivningar forklarer ein del av resultatnedgangen for nettverksemda. Rekneskapsreglane etter IFRS seier at det er fakturert nettleige som skal inntektsførast og ikkje den årlege inntekta NVE fastset at nettselskap kan krevje inn frå sine kundar. I

1. halvår er det fakturert 29 mill. kr mindre til nettkundane enn inntektsramma fastsett av NVE. Driftsresultatet målt etter NGAAP-reglane er 56 mill. kr som er 16 mill. kr betre enn i 1. halvår i fjor pga auka inntektsramme.

Produksjonsverksemda har eit driftsresultat på 105 mill. kr. Dette er 61 mill. kr svakare enn i fjor. Auke driftskostnader etter at Lutelandet vindkraftverk og Jølstra kraftverk er idriftsett utan tilsvarende auke i kraftinntekta pga lågare prisar er hovudgrunnen til det svekka driftsresultatet.

Driftsaktivitetar viser ein kontantstraum på 258 (219) mill. kr i 1. halvår. Dette er ein auke på 38 mill. kr frå 1. halvår i fjor. Det er betalt ut 192 (406) mill. kr i kjøp og tilvirking av fysiske driftsmiddel i 1. halvår. 82 mill. kr av dette er investeringar i kraftproduksjon der rehabilitering av Åskåra I og sluttføring av Jølstra vasskraftverk og Lutelandet vindkraftverk står for ein stor del av investeringa. Investering i nettanlegg i 1. halvår er på 111 mill. kr. SFE har dei siste åra investert vesentlege beløp i forsterking og utviding av linjenettet for å sikre leveringstryggleik og netttilgang til ny kraftproduksjon. SFE har dei siste åra hatt eit høgt investeringsnivå innan kraftproduksjon. Dette vil dei nærmaste åra vil bli vesentleg lågare fordi Østerbø, Jølstra og Lutelandet kraftverk no er sluttført.

Balanse

SFE sin totalbalanse 30.06.22 er på 10.473 mill. kr. Konsernet har omløpsmiddel på 1.547 mill. kr og 8.926 mill. kr i anleggsmiddel.

Renteberande gjeld er 3.860 mill. kr, ein reduksjon på 145 mill. kr frå 4.005 mill. kr for eit år sidan. Samstundes har konsernet ei likviditetsbeholdning i form av bankinnskot på 273 mill. kr, som er ein reduksjon på 566 mill. kr frå 30.06.21. I tillegg har SFE unytta trekkrettar på 800 mill. kr. SFE si likviditetsbeholdning var stor ved førre halvårsskifte pga låneopptak for å finansiere investeringar i Jølstra og Lutelandet kraftverk.

Eigenkapitalen pr 30.06.22 er 2.834 mill. kr, det tilsvrar ein bokført eigenkapitalandel på 27,1%.

Framtidsutsikter

SFE produserte 1.987 GWh i 2021. Det er venta at årsproduksjonen for 2022 vert vesentleg større, mellom anna fordi Lutelandet vindkraftverk og Jølstra vasskraftverk vart sett i drift mot slutten av 2021 og på grunn av høg fyllingsgrad i SFE sine vassmagasin. Forventa kraftpris i NO3 for 2. halvår er noko høgare enn kraftprisen vi hadde i 1. halvår på 22,4 øre/kWh. Frå 13. juni 2022 flytta Statnett kraftproduksjonen frå Mel kraftverk (årleg middelproduksjon 222 GWh) frå prisområde NO3 til NO5.

Sværen småkraftverk og Østerbø kraftverk ligg i prisområde NO5 frå før. Dette gjer at SFE sin årlege middelproduksjon i NO5 har auka frå 106 GWh til 328 GWh. Forventa kraftpris for NO5 i 2. halvår er ca 200 øre/kWh. Dette gjer at forventa kraftinntekt for 2. halvår er vesentleg høgare enn for 1. halvår. SFE ventar derfor eit resultat for året 2022 som er vesentleg betre enn for 2021 og meir på nivå med resultatet i 2020 på 200 mill. kr. Resultatet for 2022 vil bli sterkt påverka av utviklinga i kraftprisane for NO3 og NO5 i 2. halvår.

Styret i Sogn og Fjordane Energi AS

Sandane, 29. august 2022

Sigurd Reksnes
-styreleiar-

Silje Skaar Sunde
-nestleiar-

Henrik Oppen
-styremedlem-

Olin Johanne Henden
-styremedlem-

Arvid Andenæs
-styremedlem-

Jan Helge Dale
-styremedlem-

Erling Austreim
-styremedlem-

Kjell Asle Bakkebø
-styremedlem-

Kevin Denton
-styremedlem-

Johannes Rauboti
-konsernsjef-

RESULTATREKNESKAP

SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Tal etter International Financial Reporting Standards (IFRS)

Beløp i 1000 kr	1. halvår 2022	1. halvår 2021	Årsrekneskap 2021
Driftsinntekter:			
Sal av kraft	949 000	416 148	1 030 449
Sal av overføringstenester	297 641	303 945	543 952
Andre driftsinntekter	22 604	23 338	69 370
SUM DRIFTSINNTEKTER	1 269 245	743 431	1 643 771
Driftskostnader:			
Kjøp av kraft	698 851	134 259	659 643
Kjøp av overføringstenester	105 975	118 519	241 811
Løn og sosiale kostnader	91 999	80 471	186 294
Avskrivningar	92 105	95 745	180 674
Nedskrivningar	207	2 872	24 342
Eigedomsskatt/avgifter	35 322	33 204	64 737
Andre driftskostnader	83 950	38 986	125 478
SUM DRIFTSKOSTNADER	1 108 409	504 056	1 482 979
DRIFTSRESULTAT	160 835	239 375	160 792
Finansielle postar:			
Resultat frå investering i tilknytta selskap	6 751	1 974	6 848
Finansinntekter	17 573	41 497	61 608
Finanskostnader	51 825	36 787	83 957
NETTO FINANSKOSTNADER	27 501	-6 685	15 501
RESULTAT FØR SKATT	133 334	246 060	145 291
Overskotsskatt	31 860	50 476	28 952
Grunnrenteskatt	37 910	58 170	180 982
RESULTAT ETTER SKATT	63 565	137 414	-64 644
Av dette minoritetsandel	1 335	7 926	10 428
Av dette SFE sin andel	62 230	129 488	-75 071
Resultat pr. aksje (i heile kroner)	8	16	-9

UTVIDA RESULTAT

	1. halvår 2022	1. halvår 2021	Årsrekneskap 2021
Ordinært resultat etter skatt	63 565	137 414	-64 644
<u>Postar som seinare kan klassifiserast til resultat:</u>			
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt	-172 541	-104 024	-19 185
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter etter skatt	-11 076	19 588	29 773
Kontantstraumsikring valutalån etter skatt	-8 417	21 718	25 997
<u>Postar som seinare ikke kan reklassifiserast til resultat:</u>			
Estimatavvik pensjoner etter skatt	17 347	-10 377	29 912
Sum innreksa inntekter og kostnader for perioden	-111 122	64 318	1 853
Av dette minoritetsandel	719	1 936	9 772
Av dette SFE sin andel	-111 841	62 382	-7 918

BALANSE 30.06.2022

SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Beløp i 1000 kr	30.06.22	30.06.21	31.12.21
EIGEDELAR			
Fallrett	1 940 092	1 944 739	1 940 257
Øvrige immaterielle egedelar	688 865	691 140	689 899
Varige driftsmiddel	5 318 471	4 429 059	5 183 096
Investering i tilknytta selskap	369 016	353 743	362 844
Øvrige finansielle anleggsmiddel	207 570	188 194	179 632
Derivat	402 129	14 721	46 543
Anleggsmiddel	8 926 143	7 621 596	8 402 272
Varelager	47 182	30 131	39 115
Fordringar	326 406	428 894	574 300
Derivat	900 334	2 811	220 750
Kontanter og bankinnskot	273 134	838 761	283 657
Omløpsmiddel	1 547 056	1 300 596	1 117 823
SUM EIGEDELAR	10 473 198	8 922 192	9 520 095
GJELD OG EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital	1 014 691	1 014 691	1 014 691
Opptent eigenkapital	1 225 005	1 422 797	1 352 497
Minoritetsinteresser	594 525	585 971	593 806
Eigenkapital	2 834 221	3 023 458	2 960 993
Pensjonsforplikting	32 462	124 885	54 575
Utsett skatt	880 748	822 454	900 242
Andre forpliktingar	835 782	443 006	564 542
Rentebærande langsiktig gjeld	3 232 427	3 857 749	3 536 923
Derivat	286 830	44 016	34 946
Langsiktig gjeld	5 268 249	5 292 110	5 091 229
Rentebærande kortsiktig gjeld	627 238	147 238	327 238
Avsett utbytte	0	75 058	0
Betalbar skatt	198 579	60 877	150 864
Anna rentefri gjeld	919 552	267 697	751 978
Derivat	625 359	55 753	237 792
Kortsiktig gjeld	2 370 728	606 623	1 467 872
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	10 473 198	8 922 192	9 520 095

OPPSTILLING OVER ENDRINGAR I EIGENKAPITAL SFE – KONSERN

Beløp i 1000 kr

	Innskoten eigenkapital	Anna eigenkapital	Kontantstraum- sikring	Sum opptent eigenkapital	Minoritets- interesser	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2021	1 014 691	1 472 434	-36 960	1 435 472	716 034	3 166 198
Resultat 30.06		129 488		129 488	7 926	137 413
Utbetalt utbytte i 2021		-75 058		-75 058	-132 000	-207 058
Estimatavvik pensjoner		-10 377		-10 377		-10 377
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt			-97 864	-97 864	-6 160	-104 024
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			19 417	19 417	170	19 587
Kontantstraumsikring valutalån			21 718	21 718		21 718
Eigenkapital 30.06.2021	1 014 691	1 516 487	-93 689	1 422 796	585 971	3 023 458
Årets resultat		-75 071		-75 071	10 428	-64 644
Utbetalt utbytte i 2021		-75 058		-75 058	-132 000	-207 058
Estimatavvik pensjoner		29 912		29 912		29 912
Kontantstraumsikring kraftavtaler etter skatt			-18 397	-18 397	-788	-19 185
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			29 641	29 641	132	29 773
Kontantstraumsikring valutalån			25 997	25 997		25 997
Eigenkapital 31.12.2021	1 014 691	1 352 217	281	1 352 496	593 806	2 960 993
Årets resultat		62 230		62 230	1 335	63 565
Andre endringar av eigenkapital		-15 650		-15 650		-15 650
Estimatavvik pensjoner		17 347		17 347		17 347
Kontantstraumsikring kraftkontrakter			-171 925	-171 925	-616	-172 541
Kontantstraumsikring valutaterminkontrakter			-11 076	-11 076		-11 076
Kontantstraumsikring valutalån			-8 417	-8 417		-8 417
Eigenkapital 30.06.2022	1 014 691	1 416 144	-191 137	1 225 005	594 525	2 834 221

KONTANTSTRAUMANALYSE

SOGN OG FJORDANE ENERGI – KONSERN

Beløp i 1000 kr

Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar:	30.06.2022	30.06.2021	31.12.2021
Ordinært resultat før skattekostnad	133 334	246 060	145 291
Betalte skattar i perioden	-25 097	-70 561	-37 532
Avskrivningar	92 105	95 745	180 674
Nedskrivningar	207	2 872	24 342
Gevinst(-)/Tap(+) ved sal av driftsmiddel og aksjar	0	-52	-116
Kostnad(+)/Inntekt (-) frå investering i tilknytta selskap utan kontanteffekt	-6 751	-1 974	-6 847
Urealisert verdiendring aksjepostar utan kontanteffekt	-7 538	-11 209	-17 757
Urealisert verdiendring derivat og elsertifikat	-74 482	0	200 865
Endring varelager	2 233	1 685	1 219
Endring i kundefordringar	239 787	19 078	-370 116
Endring i leverandørgjeld	-101 634	-46 727	120 438
Endring i pensjonsforpliktingar	127	167	-19 047
Endring i andre tidsavgreningspostar	5 321	-15 872	282 050
Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar	257 610	219 212	503 463
Kontantstraum frå investeringsaktivitetar:			
Utbetalingar ved kjøp/tilverking av varige driftsmiddel	-192 347	-167 805	-1 061 875
Utbetalingar av forskot på investeringar i varige driftsmiddel	0	-238 412	65 484
Innbetalingar ved sal av varige driftsmiddel	0	1 409	1 255
Innbetaling ved sal av aksjar og andelar i andre foretak	0	937	955
Innbetaling ved reduksjon av langsiktig fordring	1 498	0	1 819
Utbetalingar ved kjøp av aksjar og andelar i andre foretak	0	-281	-5 759
Utbetaling ved utlån	-26 440	-4 000	-4 233
Kontanteffekt avgang datter	0	0	-849
Innbetaling av utbytte	5 765	600	1 380
Innbetalte renter	6 471	1 764	2 091
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar	-205 054	-405 788	-999 732
Kontantstraum frå finansieringsaktivitetar:			
Innbetalingar ved opptak av ny langsiktig gjeld	0	520 000	550 000
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld	-13 619	-13 619	-177 238
Utbetalte renter	-49 460	-42 424	-79 160
Utbetaling av utbytte	0	0	-75 058
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar	-63 079	463 957	218 544
Netto endring i kontantar og ekvivalentar	-10 523	277 379	-277 725
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 1.1	283 657	561 382	561 382
Behaldning av kontantar og ekvivalentar 30.06/31.12	273 134	838 761	283 657



Notar til halvårsrekneskapen 30.06.2022

Rammeverk og vesentlege rekneskapsprinsipp

Konsernrekneskapen for Sogn og Fjordane Energi AS for 1.halvår 2022 er avslutta pr. 30.06.2022 og er utarbeidd etter internasjonale rekneskapsprinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) slik dei er godkjende av EU. Konsernrekneskapen omfattar Sogn og Fjordane Energi AS (SFE) med datterselskap og tilknytta selskap. Halvårsrekneskapen er utarbeidd i samsvar med IAS 34 om delårsrapportering og vart vedteke i selskapet sitt styre 29.august 2022. Revisor har gjennomført forenkla revisorkontroll av halvårsrekneskapen.

Selskapet er notert på Oslo Børs med obligasjonslån.

Delårsrekneskapen gir ikke informasjon i same omfang som årsrekneskapen og må derfor sjåast i samanheng med konsernet sitt årsrekneskap for 2021.

Note 2 Segmentinformasjon

Segmentrekneskapen vert avgjort etter IFRS 8. Konsernet rapporterer driftssegment i samsvar med korleis konsernleiinga tek avgjerder, føl opp og evaluerer desse avgjerdene.

Driftsresultatet i dei operative segmenta vert jamleg rapportert til konsernleiinga.

Konsernet si verksemde er organisert i ulike segment som eigne økonomiske einingar. Internt i konsernet rapporterer ein både på segment, underkonsern og på selskap.

Segmentet Energi omfattar selskapa SFE Produksjon AS, Firdakraft AS, Bremangerlandet Vindpark AS og Lutelandet Energipark AS. Svelgen Kraft Holding AS er eigd med 56% av SFE Produksjon og inngår som ein del av SFE-konsernet. Svelgen Kraft Holding AS eig 100% av aksjane i Svelgen Kraft AS.

Energi omfattar forvalting av konsernet sin samla produksjonsportefølje frå heileigde og deleigde kraftverk med fysisk og finansiell krafthandel. Segmentet omfattar forvalting av større sluttbrukarar sitt kraftbehov samt mindre mengder kjøp og sal av kraft engros gjennom bilaterale avtaler. I tillegg har vi noko tradingverksemde innanfor definerte rammer, samt sal av opphavsgarantiar og elsertifikat.

Segmentet Nettverksemde si hovedverksemde er overføring og distribusjon av elkraft.

Segmentet inkluderer utleige av fiber og noko entreprenørarbeid.

Sogn og Fjordane Energi AS er morselskapet i konsernet og yter hovedsakleg tenester internt i konsernet. Segmentet inkluderer pr. 30.06 også selskapa Elbåtlader DA og Skipskraft AS som er felles verksemde der SFE eig 50% og som vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden .

Segmentresultat 30.06.2022

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemde	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	1 118	331	34	-213	1 269
Driftsresultat	104	61	-4	0	161
Resultat etter skatt	21	36	7	0	64

Egedelar og gjeld pr.segment 30.06.2022

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemde	Morselskap	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	5 368	2 520	60	7 947
Øvrige anleggsmiddel	564	152	262	1 147
Anleggsmiddel	5 931	2 672	323	8 926
Omløpsmiddel	1 359	90	98	1 547
Sum egedelar	7 291	2 762	420	10 473
Eigenkapital	1 702	822	310	2 834
Langsiktig gjeld	3 389	1 855	24	5 268
Kortsiktig gjeld	2 199	85	86	2 370
Sum gjeld og eigenkapital	7 291	2 762	420	10 473

Segmentresultat 30.06.2021

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemد	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	677	340	33	-306	743
Driftsresultat	166	76	-2	0	239
Resultat etter skatt	64	57	17	0	137

Egedelar og gjeld pr.segment 30.06.2021

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemد	Morselskap	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	4 870	2 132	63	7 065
Øvrige anleggsmiddel	149	144	264	557
Anleggsmiddel	5 019	2 276	327	7 622
Omløpsmiddel	389	156	756	1 301
Sum egedelar	5 407	2 432	1 083	8 922
Eigenkapital	1 858	605	560	3 023
Langsiktig gjeld	3 095	1 744	453	5 292
Kortsiktig gjeld	455	82	70	607
Sum gjeld og eigenkapital	5 407	2 432	1 083	8 922

Segmentresultat 31.12.2021

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemد	Morselskap	Eliminering	Konsern
Driftsinntekter	1 111	634	67	-168	1 644
Driftsresultat	111	59	-10	0	161
Resultat etter skatt	-114	37	13	0	-65

Egedelar og gjeld pr. segment 31.12.2021

(Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemد	Morselskap	Konsern
Varige driftsmiddel og immaterielle egedelar	5 338	2 415	60	7 813
Øvrige anleggsmiddel	177	143	269	589
Anleggsmiddel	5 515	2 558	329	8 402
Omløpsmiddel	935	102	81	1 118
Sum egedelar	6 450	2 660	410	9 520
Eigenkapital	1 858	751	352	2 961
Langsiktig gjeld	3 253	1 814	24	5 091
Kortsiktig gjeld	1 339	95	34	1 468
Sum gjeld og eigenkapital	6 450	2 660	410	9 520

Note 3 Spesifikasjon av urealiserte verdiendringar

Frå og med 01.01.2021 er kraftderivat som sikrar inntekta frå kraftproduksjon sikringsbokført som kontantstraumsikring.

Tabellen under spesifiserar korleis urealiserte verdiendringar påverkar konsernet sitt resultat og utvida resultat.

Resultateffekt av urealiserte verdiendringar (mill kr)	30.06.2022			30.06.2021			2021		
	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM	Urealisert	Realisert	SUM
Kraftkontrakter sikringsformål	-213	223	10	-108	109	1	0	-408	-408
Kraftkontrakter trading	-1	0	-1	-13	0	-13	-26	0	-26
Valutakontrakter sikringsformål	0	4	4	0	2	-2	0	2	-2
Energisal	0	935	935	0	430	430	0	1 467	1 467
Sum inntekter frå energisal	-213	1 162	949	-121	537	416	-26	1 056	1 030
Sum finansinntekter	0	24	24	18	26	43	0	68	68
Sum finanskostnader	0	-52	-52	0	-37	-37	0	-84	-84
Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat før skatt	-213			-103			-26		
Skatteeffekt av urealiserte verdiendringar	47			23			6		
Effekt av urealiserte verdiendringar i resultat etter skatt	-167			-80			-20		
Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat (etter skatt)									
Kontantstraumsikring kraftavtaler	-173			-104			-19		
Kontantstraumsikring valutaterminar	-11			20			30		
Kontantstraumsikring EUR-lån	-8			22			26		
Andre inntekter og kostnader som inngår i utvida resultat etter skatt	-192			-63			37		

Valutaterminkontrakter som sikrar valutakursen på kraftinntekter i EUR blir sikringsbokført som kontantstraumsikring.

SFE nyttar også lån i EUR som sikringsinstrument i kontantstraumsikring av kraftinntekter i EUR. Renteswappar blir også nyttet som sikringsinstrument som blir sikringsbokført. Vi har pr. 30.06.22 ein renteswap som blir sikringsbokført som verdisikring.

Note 4 Aktivitet i SFE-papir i første halvår 2021

Det har i løpet av første halvår 2022 ikkje vore nokon endringar i SFE si obligasjonsgjeld.

Note 5 Risikoforhold

SFE er utsett for ei mengde ulike risikoar gjennom si verksemd. Dette gjeld både finansielle og operasjonelle risikoar. Døme på operasjonelle risikoar er skade på eigedelar som kraftverk og nettanlegg. Det er etablert forsikringsordningar som dekker skade på eigedelar, tapt produksjon og skade på liv og eigedom i samband med t.d. brann, flaum eller oversvømmelsar etter dambrot. Når det gjeld finansielle risikoar som endringar i kraftpris, valutakursar og renter er det etablert strategiar for å kontrollere desse risikoforholda.

Den norske kraftmarknaden har i løpet av det siste året blitt ein delt marknad. Mens spotprisane i Nord-Norge (NO4) og Midt-Norge (NO3) har vore relativt låge i første halvår, med hhv. 16 og 22 øre/kWh, så har spotprisane i dei sørlege delane av Norge blitt levert rundt 160 øre/kWh i første halvår. Grunnen til denne forskjellen er at det i dei nordlegaste områda er eit kraftoverskot som i 2022 har vore ekstra stort grunna mykje nedbør, mens det i sør har vore ein unormal tørr start på året og kraftprisane har i stor grad kobla seg opp mot aukande kraftprisar på kontinentet. I dette bildet har krigen i Ukraina med påfølgande sanksjoner frå EU, samt reduksjon av russisk gasseksport til EU, gitt ein ekstrem auke i dei europeiske gassprisane og kraftprisane.

Status for energisituasjonen no er at magasinfyllinga i nord er vesentleg over normalt mens magasinfyllinga i dei sørlege delar av Norge er vesentleg under normalen. Dette fører til at marknaden framleis ventar store prisskilnader mellom nord og sør på kort og mellomlang sikt. Terminprisane for kraft på kontinentet ligg rundt 500 øre/kWh for det nærmaste året, og med ein framleis tørr verutvikling i sør er det fare for at prisane i sør kan komme opp mot desse nivåa.

For ytterlegare informasjon om risikoforhold SFE er utsett for viser vi til notane i årsrekneskapen for 2021.

Note 6 Pensjonskostnader- og forpliktingar

SFE sine pensjonsplanar omfattar både ytelsesplan og innskotsplanar. Ytelsesplan i sikra ordning SFE og datterselskapa har to parallelle pensjonsordningar som oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon og samsvarande tariffesta AFP-ordningar.

SFE og datterselskapa har ei offentleg, kollektiv pensjonsordning i BKK pensjonskasse som er lukka. Pensjonsordninga er ei bruttoordning tilsvarende offentlege ordningar. Den gir dei tilsette ei bestemt framtidig pensjonsyting basert på talet på år med opptening og lønsnivået ved pensjonsalder. Ytelsesplanen omfattar alders-, uføre-, etterlatte og barnepensjon.

Følgande føresetnader er brukt i berekningane:	30.06.22	31.12.21
Årleg avkasting	3,75%	2,20%
Diskonteringsrente	3,75%	2,20%
Årleg lønnsvekst	3,75%	2,75%
Årleg vekst G-beløp	3,50%	2,50%
Regulering av løpende pensjonar	2,75%	1,75%
AFP-uttak	25 % ved 62 år	25 % ved 62 år
Demografiske føresetnader ved dødelighet og uførhet	K2013BE/K63	K2013BE/K63

For ytterlegare informasjon om pensjonskostnad- og forplikting for SFE viser vi til note 14 Pensjon i årsrekneskapen for 2021.

Note 7 Driftsinntekter

30.06.22 (Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum
Sal av kraft engros	1 073	3	0	-127	949
Sal av overføringstenester	0	315	0	-17	298
Andre driftsinntekter	45	13	34	-69	23
Sum driftsinntekter	1 118	331	33	-213	1 269

30.06.21 (Beløp i MNOK)	Energi	Nettverksemd	Tenesteyting	Eliminering	Sum
Sal av kraft engros	589	2	0	-175	416
Sal av overføringstenester	0	326	0	-22	304
Andre driftsinntekter	88	11	33	-109	23
Sum driftsinntekter	677	340	33	-306	743

Note 8 Avsetting for forpliktingar

Beløp i tusen kroner	30.06.2022	31.12.2021
Vesentlege tapskontrakter ¹⁾	43 100	45 320
Finansielle forpliktingar ¹⁾	133 824	137 765
Utsett inntekt anleggstilskot frå kundar	341 187	309 078
Gjeld knytt til forvaltning kraftderivat på vegne av eksterne	271 626	31 357
Andre avsetninger ²⁾	46 045	41 022
Bokført verdi 30.06/31.12	835 782	564 542

¹⁾ Tapskontrakter knytt til ikkje utbygde fallrettar og fallrettsavtaler med finansielt oppgjer

²⁾ Forplikting knytt til finansielle leigeavtaler og fjerningsforpliktelser

Avstemming av bevegelsar gjennom året	30.06.2022	31.12.2021
Beløp i tusen kroner		
Bokført verdi 01.01	564 542	818 586
Tilgang i løpet av året	274 409	141 121
Avsetninger brukta/reversert i løpet av året	-3 169	-395 165
Bokført verdi 31.12	835 782	564 542

For ytterlegare informasjon om avsetting for forpliktingar viser vi til note 27 Avsettingar for forpliktingar i årsrekneskapen for 2021.

Note 9 Anna informasjon

Fusjonsforhandlingar Linja-Mørenett

SFE sitt heileigde nettselskap Linja AS er i fusjonsdrøftingar med Mørenett AS. Det er venta at avgjerd i denne prosessen vil kome i 2. halvår 2022.

Erklæring frå styret og konsernsjef

Styret og konsernsjef har i dag handsama rekneskapet for 1. halvår 2022 for Sogn og Fjordane Energi AS, konsern.

Vi erklærer etter vår beste overtyding at:

- konsernrekneskapen pr. 30.06.2022 er utarbeida i samsvar med IAS 34 – Delårsrapportering og er utarbeidd etter internasjonale rekneskaps-prinsipp (IFRS – International Financial Reporting Standards) fastsett av EU, med krav til tilleggsopplysningar som føl av rekneskapslova, samt at
- rekneskapsopplysningane gjer ein rettvisande og heilskapleg oversikt av selskapet og konsernet sine eidegar, gjeld, finansielle stilling samt at
- rekneskapen for 1. halvår 2022 gir ein rettvisande oversikt over
 - utviklinga og resultatet til konsernet samt dei mest sentrale risiko- og usikkerheitfaktorar konsernet er eksponert for

Sandane 29.08.2022

Sigurd Reksnes
- styreleiar -

Silje Skaar Sunde
- nestleiar -

Arvid Andenæs

Jan Helge Dale

Henrik Oppen

Olin Johanne Henden

Erling Austreim

Kevin Denton

Kjell Asle Bakkebø

Johannes Rauboti
- konsernsjef -

Til styret i Sogn og Fjorande Energi AS

Fråsegn om forenkla revisorkontroll av delårsrekneskap

Innleiing

Vi har gjennomført ein forenkla revisorkontroll av vedlagte konsoliderte balanse for Sogn og Fjordane Energi pr. 30. juni 2022 og tilhøyrande resultatrekneskap og oppstilling over endring i eigenkapital og kontantstrømoppstilling for seksmånadersperioden som blei avslutta per denne datoен, medrekna eit samandrag av rekneskapsprinsipp og tilhøyrande notar. Leiinga er ansvarleg for utarbeidning og fremstilling av delårsreknskapet i samsvar med IAS 34. Vår oppgave er å gje ei fråsegn om delårsrekneskapet basert på vår forenkla revisorkontroll.

Omfanget av den forenkla revisorkontrollen

Vi har gjennomført vår forenkla revisorkontroll i samsvar med internasjonal standard for forenkla revisorkontroll 2410 "Forenklet revisorkontroll av et delårsregnskap, utført av foretakets valgte revisor". Ein forenkla revisorkontroll består i å rette førespurnader, primært til personar med ansvar for økonomi og regnskap, og å gjennomføre analytiske og andre kontrollhandlingar. Ein forenkla revisorkontroll har eit betydelig mindre omfang enn ein revisjon utført i samsvar med International Standards on Auditing, og gjer oss følgeleg ikkje i stand til å oppnå sikkerheit for at vi er blitt oppmerksame på alle vesentlige forhold som kunne ha blitt avdekka i en revisjon. Vi gjev derfor ikkje ei fråsegn om revisjon på dette reknekskapet.

Konklusjon

Vi har ved vår forenkla revisorkontroll ikkje blitt oppmerksame på noko som gir oss grunn til å tru at det vedlagte delårsrekneskapet i det alt vesentlige ikkje er utarbeida i samsvar med IAS 34.

Oslo, 29. august 2022

ERNST & YOUNG AS

Signert elektronisk

Finn Espen Sellæg
statsautorisert revisor